

EVALUERING AV NOSP103-F SPRÅKHISTORIE OG TALEMÅL (FJERNORD) HAUSTEN 2018

Ivar Utne, 1.4.2019

Emneansvarleg: Ivar Utne

Faglærarar:

Torodd Kinn (svensk og dansk, og norrønt på ei samling),

Ivar Utne (fonologi, språkhistorie, norrønt, talemål, sosiolingvistik)

Oppgåveretting: Ivar Utne

PRAKTISK GJENNOMFØRING AV EMNET

Emnet omfattar 15 studiepoeng.

Det var kombinasjon av nettundervisning og to helgesamlingar.

Kvar veke blei det lagt ut ei undervisningspakke. Dette er nyskriving av pakker med studieråd og oppgåver. Pakkene er meint å bli brukt når Fjernord om eit år eller to går over til betalingsstudium.

Det var innlevering av ei obligatorisk oppgåve. Studentane fekk tilbake kommentarar. Dei som ikkje fekk godkjent etter første levering, leverte retta versjon.

Studieinformasjon:

Studieinformasjon blei gitt på Mitt UiB, stort sett med «Kunngjeringar» som òg gjekk ut med e-post til uib.no-adresser.

Tilgang til relevant litteratur:


Fordelt på Mitt UiB (fillageret) og Akademika.

RESULTAT FRÅ EKSAMEN

Snittkarakteren inkludert stryk er 3,15, som vil seia litt over midten av C.

Resultata er gode med større del B enn C.

| Antall studenter | A | B | C | D | E | F | Andre |
|------------------|---|----|----|----|---|---|-------|
| 81 | 5 | 22 | 19 | 8 | 3 | 3 | 0 |
| % | 9 | 39 | 33 | 14 | 5 | 5 | 0 |
| % | 8 | 37 | 32 | 13 | 5 | 5 | 0 |



SVAR FRÅ STUDENTANE, PÅ UNDERSØKINGA

11 av 67 studentar svarte på heile eller delar av undersøkinga.

For dei som deltok på helgesamlingar – syn på det faglege

Valsvara viste at dei fleste som hadde delteke, var svært nøgde, og nokre få eit hakk lågare. Altså positivt.

I opne kommentarar er det òg positive kommentarar om kontakt, engasjement og tilrettelegging. Éin ønskte raskare progresjon, dvs. fleire av dialektene. Berre 5 av 11 som gjennomførte undersøkinga, har svart om dette.

Detaljar:

- 67 % svært nøgde
- 8 % nokså godt nøgde
- 0 % middels og lite nøgde
- 25 % deltok ikkje på helgesamlingar
(12 svar)

For dei som deltok på helgesamlingar – syn på den praktiske organiseringa

Valsvara viste at alle som hadde delteke, var svært nøgde. I dei opne kommentarar kom det fram at det fungerte bra. Ein student ber om at alt er lagt ut på nettet minst to dagar før pga. reisetid.

Detaljar:

- 82 % svært nøgde
- 0 % for dårlegare
- 18 % deltok ikkje på helgesamlingar
(11 svar)

Pensumstoffet – kva var vanskeleg å finne ut av?

Halvparten (50 %) meinte at ikkje noko av stoffet var vanskelig. Av deltema var det talemålet som var vanskelegast, oppgjeve av nesten halvparten.

Detaljar:

- 17 % urnordisk
- 17 % norrønt
- 0 % mellomnorsk
- 42 % talemål
- 8 % nordisk (svensk og dansk)
- 0 % sosiolingvistikk
- 50 % ikkje noko vanskeleg

Pensumstoffet – kva var greitt å setje seg inn i?

Fleire val var mogleg i fleirvalsvar. Talemålspensumet kjem dårleg ut, og det nordiske er òg lite greitt for nokre. Språkhistoriestoffet er godt over fleirtalet nøgde med, men ikkje samstemt.

Detaljar:

- 67 % urnordisk
- 67 % norrønt
- 67 % mellomnorsk
- 25 % talemål
- 83 % sosiolingvistikk
- 58 % nordisk (svensk og dansk)
- 8 % ikkje noko vanskeleg

Presentasjons- og øvingsstoff i pakkene

På grunn av teknisk med fleirval, fekk vi ikkje avkryssingssvar.

Derimot fekk vi nokre opne svar, som uttrykte at stoffet gav oversikt. Dei fleste kommentarane la vekt på at utlevert oversikt over lydar og forklaring om samanhengen mellom lydskrifter var nyttig.

Det vart samstundes peikt på at ulik bruk av lydskrift frå bok til bok var krevjande, lite bra.

Ein student legg postivt vekt på at det var nyttig med ein god leseplan og studiepakker med forelesarane sine perspektiv.

Informasjon om studiet før opptak

7 av 11 oppgav at dei fann studiet på nettet hos UiB, helst med å gå inn på UiBs nettsider. 3 var vidaregåande på Fjernord. 1 fekk tips frå andre.

Var informasjonen på nettsider før studiestart god nok?

Alle 10 svar på dette i opne svar var positive, utan vesentleg utfyllande forklaringar i svara.

Informasjonen etter opptak og ved studiestart, administrativt og fagleg

Alle 9 svar på dette var positive. Det vil seie at evu-delen sentralt og lokalt har fungert bra.

Andre kommentarar om studiet

Ein student peikar på at ho eller han mista engasjementet med å delta på nettet fordi få andre deltok. Den same peikar på at dette vore klart engasjerande semesteret før.

KOMMENTARAR FRÅ EMNEANSVARLEG

Berre 7 % av studentane har svart på delar eller heile undersøkinga, dvs. 11 studentar. Studentsvara viser jamt over at dei var nøgde. Særleg negative er kommentarane om talemål og lydskrift. Det gjeld ulike lydskriftssystem frå bok til bok, og detaljrikdomen i talemålsboka. Bruk av studiepakker får positiv omtale. Den praktiske gjennomføringa på nett og på helgesamlingar får positiv omtale, særleg helgesamlingane.

Den emneansvarlege si vurdering av rammevilkåra

Lokale og undervisningsutstyr

Mykje av dette er gjentakning av kommentarar frå våren 2017 og for andre emne.

Undervisningslokalet, aud. A, manglar tavle som kan brukast for normal undervisning med samtale. Opp og ned med motorisert lerret og prosjektør av og på tek for lang tid.

Liknande problem gjeld ganske mange undervisningsrom. Ofte er det ein liten flik i ein ende av tavla som ein kan få nortert stikkord. I rom med motorisert lerret, tek det tid å få prosjektør av og på.

Vi er fleire lærarar som ønskjer at UiB tenkjer pedagogisk om tavle. Dette har eg teke opp i ulike samanhengar gjennom mange år.

<>